

Kva er mellomøyrebetennelse?

Nest etter forkjøling er akutt mellomøyrebetennelse den mest vanlege infeksjons-sjukdomen hos barn. Infeksjonen kjem ofte av virus, men kan også kome av bakteriar.

Dei mest vanlege symptoma er:

- Vondt i øyret (kjem av væske i mellomøyet som gjev auka trykk og dermed press på trommehinna)
- Feber
- Uro
- Forbigående nedsett høyrsel
- Generelt dårleg form
- Væske som renn frå øyret til barnet om det har gått hol på trommehinna



Illustrasjon: Grete Sømmer

Alle symptoma treng ikkje å vere til stades samstundes.

Er behandling med antibiotika nødvendig?

Mellomøyrebetennelse er vondt, men hos dei aller fleste går sjukdomen over av seg sjølv. Smertene gjev seg til vanleg etter 24 timar. Antibiotika hjelper ikkje på smertene, og i dei aller fleste tilfella blir barnet ikkje fortare friskt. Antibiotika kan i tillegg gje ekstra plager for det sjuke barnet, til dømes diaré og oppkast. Hos barn over eitt år er det difor tilrådd å sjå situasjonen an i 2-3 dagar.

Om smertene ikkje avtek i løpet av 2-3 dagar eller det renn væske frå øyret til barnet utover 24 timar, bør du på nytt ta kontakt med legen.

Etterkontroll: Barnet bør følgjast opp med kontrolltime hos fastlege etter 8 veker.

Slik kan du hjelpe barnet ditt

Det viktigaste er å lindre ubehaget til barnet medan kroppen sjølv tar hand om infeksjonen.

- Gje barnet smertestillande (til dømes paracetamol 2-3 gongar dagleg). Om barnet ditt har feber, verkar dette også febernedsettjande.
- Det kan hjelpe å la barnet liggje med hovudet høgt eller sitje oppreist. Då minskar trykket i øyret, og det gjer mindre vondt. Det kan vere lurt å byggje opp hovudenden i senga med noko hard (til dømes bøker) i tillegg til puter.
- Gje nasedropar. Dette lettar passasjen frå nasen til svelget slik at trykket i øyret minskar.

Antibiotikabruk hos barn

Antibiotika er viktige og effektive medisinar i behandling av infeksjonar som skuldast bakteriar. Uriktig bruk av antibiotika kan føre til utvikling av resistente bakteriar. Det vil seie at antibiotikabehandling ikkje lenger har effekt på desse bakteriane.

Kva betyr antibiotikaresistens for behandling av alminnelege luftvegsinfeksjonar hos barn?

Antibiotikaresistente bakteriar er eit aukande problem. Utanfor sjukehus blir det brukt mykje antibiotika til behandling av luftvegsinfeksjonar, spesielt hos barn. For å behalde antibiotika som effektive medisinar, er det viktig å avgrense feilaktig bruk av antibiotika i behandling av slike infeksjonar.

Er du i tvil om barnet ditt har ein infeksjon som må behandlast med antibiotika eller andre legemiddel, skal du ta kontakt med lege. Legen vil også bidra med råd om korleis du best kan lindre plagene til barnet til infeksjonen går over.

Antibiotika verkar ikkje på virus

Antibiotika verkar ikkje på virus. Virus er årsaka til dei aller fleste halsbetennelsar, øyrebetennelsar og biholebetennelsar og alle forkjølingar. Kroppen kjempar normalt mot slike virusinfeksjonar på eiga hand. Antibiotika har inga effekt på virus og fører heller ikkje til lindring av plagene til barnet.

Også mange bakterielle infeksjonar går over av seg sjølve utan bruk av antibiotika. Ved dei fleste infeksjonar er det tilrådd å sjå situasjonen an i 2-3 dagar.

Når antibiotika er nødvendig

Når legen har vurdert at barnet har ein infeksjon som må få behandling med antibiotika, er det viktig at heile kuren blir gjennomført slik legen har bestemt. Om barnet ikkje fullfører antibiotikakuren, vil berre nokre av bakteriane bli utrydja. Dei meir motstandsdyktige vil kunne overleve, formeire seg og bli fleire.